

Etterforskar valdtekt av mannleg student

VESTLANDET: Politiet etterforskar valdtekt av ein mannleg student frå Vestlandet som var i praksisopphald i eit nordisk land. Studenten i 20-åra er heimehøyryande på Vestlandet og er student ved ein utdanningsinstitusjon her. Hendinga skal ha skjedd då mannen var i eit praksisopphald i eit anna land i Norden i vinter, melder NRK Sogn og Fjordane. I fylgje mannen blei han dopa ned og valdteken av ein annan mann under ein hyttetur. Politiet i landet stadfestar at dei etterforskar saka.

Bøndene krev 1,92 milliardar kroner i jordbruksoppgjøret

LEIKANGER: For å redusera inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet krev bondeorganisasjonane i år eit oppgjør med ei ramme på 1,920 millionar kroner. Kravet vil gje ein inntektsvekst på 31.000 kroner per årsværk og ein reduksjon av inntektsgapet til andre

i jordbruket dei siste to åra. Det gjer at inntektsklinaden mellom landbruket og andre grupper i samfunnet blir enda større, seier Bartnes. I fjor krevde organisasjonane 1,8 milliardar kroner og fekk 1,1 milliard.

Lars Petter Bartnes. – Det har vore ein sterk inntektsnedgang



MIDT I RASET: – Det er flaks at me er i live, seier Magnar Skjerdal (t.h.). Måndag opplevde han og arbeidskollega Stein Inge Skarsbø at steinar hagla rundt dei då dei rydda stien i eit eldre ras i Aurlandsdalen. (Bagge foto: Arne Veum)

– Flaks at me er i live

■ ■ Steinane hagla over dei ■ ■ Geolog skal vurdera situasjonen

AURLAND: Steinar small i bakken rundt ryddemannskapet.

Måndag var Magnar Skjerdal og Stein Inge Skarsbø frå Skjerdal Landskapspleie på ryddeoppdrag i Aurlandsdalen. Dei to skulle rydda stien gjennom eit større ras som hadde gått i vinter. Dei hadde rydda i rundt halvannen time då dramatikken oppstod.

– Me hørde eit dunk over oss. Me såg opp og såg himelen var full av steinar på vegen ned mot der me stod. Me kasta oss rundt og sprang mot fjellfoten og fekk kasta oss inn under eit lite overheng, seier Magnar Skjerdal.

Glad for livet

Han fortel at steinar small i

bakken rundt dei medan dei sprang for å koma i sikkerheit.

– Det er flaks at me er i live, seier Skjerdal etter den dramatiske hendinga måndag føremiddag.

Då Sogn Avis snakka med han hadde dei to kome seg ned til parkeringsplassen i Vassbygda.

– Det går bra no, seier Skjerdal, men legg ikkje skjul på at dette er ei oppleving som vil sitja i lenge.

– Då me såg opp og såg alle steinane som var på vegen rett mot oss, er ei oppleving som kjem til å sitja i ei stund, seier han.

Stort ras

Han fortel at steinane som kom ned hamna i eit 40–50 meter breitt belte.

– Me ryddar stien kvart ei-

naste år. For åtte til ni år sidan rydda me eit større ras i det same området, mellom Almen og Vassbygdi, om lag ein halv times gonge frå parkeringsplassen i Vassbygdi. Me har opplevd at det har kome ned ein stein ein gong tidlegare. Då hadde me kontroll. Det som skjedde i dag var verkeleg dramatisk, seier Skjerdal

Bestilt geolog

– Dette var ei dramatisk hending og me er svært glade for at dei to arbeidarane ikkje kom fysisk til skade, seier ordførar Noralv Distad i Aurland.

Han seier kommunen har hatt møte med Nærøyfjorden Verdsarvpark og organisasjonen Venner av Aurlandsdalen, samt hatt samtale med ein av dei to ryddearbeidarane som opplevde dramatikken.

– Kommunen har bestilt geolog som vil vera på plass i løypet av denne veka. Då vil me få avklart den geologiske situasjonen og kva tiltak som

skal gjerast, seier Distad.

Kai Martin Brekke

kai.martin.brekke@sognavis.no



RAS: Dei to ryddekarane jobba med stien i dette rasområdet då eit nytt steinsprang gjekk på same staden.